



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Utvalet for oppvekst og omsorg  
**Møtedato:** 14.04.2015  
**Møtetid:** 15:00 - 18:50  
**Møtestad:** Samnanger ungdomsskule

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemmene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Alle møtte.	

### Andre som var til stades på møtet:

Skule –og barnehagefagleg ansvarleg Karin H. Steinsland  
 Varaordførar Brigte Olav Gåsdaal  
 Sak 05/15: Kommuneoverlege Harald Ramm Salbu  
 Sak 05/15 og referatsak Oppveksteigar og oppvekstleiarar:  
 Rektor Samnanger ungdomsskule Solvor Aadland  
 Inspektør Samnanger ungdomsskule Bodil H. Øpstebø  
 Fungerande rektor Samnanger barneskule Inge Aasgaard  
 Einingsleiar barnehageeininga Anne Fredriksen

<b>Møteleiar:</b>	Eva Hellevang
<b>Møtesekretær:</b>	Heidi Fossdal

**Merknader:** Ingen merknader.

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	<p>-Samtale med Bergen kommune vedr. samarbeid innan barnevern, saka er ikkje ferdig handsama i Bergen kommune. Vert truleg sak til OO i mai 2015.</p> <p>-Flyktningar. Vedtak i KS om at ein skal utreia om ein skal ta i mot flyktningar. IMDI ynskjer å informera. OO er positive til orienteringsmøte i mai.</p> <p>Leiar Eva Helevang orienterte om årsmøte i Samnanger kyrkjelyd. Understrekar det viktige arbeidet som vert gjort av kyrkja for folk i alle aldrar.</p> <p>Referatsaker:  <b>Dialog mellom dei fokevalde og oppvekstleiarane.</b>        Einingsleiarar frå barnehage, barneskulen og ungdomsskulen hadde kvar sin presentasjon av eininga med utgangspunkt i årsmeldingane og kvaliteten i tenestene. Vidare vart det lagt opp til dialog rundt kva</p>
---------------------------------	---

	<p>som er utfordringane framover for oppvekstsektoren i Samnanger. Utvalet var svært positive til denne møteforma, og ynskjer fleire dialogmøte både med desse einingane og andre einingar innan oppvekst og omsorg.</p> <p><b>Høyring:</b> Framlegg til endringar i <i>helligdagsloven</i>. Utvalet drøfta saka og bed om at kommunestyret svarar på høyringa. Fristen er 30.06.2015.</p>
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	Ingen.
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	Ingen.

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 22.04.2015

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
004/15	15/262	Faste saker	
005/15	10/589	Smittevernplan for Samnanger kommune - revisjon	

**SAKNR. 004/15**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**14.04.2015 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møte: Samrøystes vedteke.

**OO-004/15 VEDTAK:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 005/15**

**SMITTEVERNPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE - REVISJON**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til smittevernplan for Samnanger kommune vert vedteke slik han ligg føre.

**14.04.2015 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

**OO-005/15 VEDTAK:**

Framlegg til smittevernplan for Samnanger kommune vert vedteken slik den ligg føre.

